

Uskedeling skal henta fleire kursdeltakarar til fylket

27.12.2006



Prosjektleiar i reiseliv Kari Eik har vore heime i Uskedalen og skin her om kapp med julegrana! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**1. november tok uskedelingen Kari Eik (39) til i ei viktig stilling i turistfylket Hordaland. I dei to neste åra er oppgåva hennar å henta fleire kurs- og konferansedeltakarar hit. No har ho feira jula heime på Eik og lada batteria før ho dreg attende til Bergen og Lindås. Medan ho bor i byen, har ho kontorstaden sin på Knarvik.**

Prosjektleiar Kari har kontor saman med den prosjektansvarlege, som samstundes er reiselivssjef for Nordhordland. Prosjektet omfattar Nordhordland, Sunnhordland og Hardanger eller 21 av kommunane i fylket. Dei som betalar prosjektet er fylkeskommunen, Innovasjon Norge og dei bedriftene som går inn med sine andelar. I Kvinnherad er det førebels Handeland, lakseparken, Olalø og Rosendal Motell, men Kari har fleire på lista som ho veit vil bli med. 30 har sluttar seg til opplegget til no, og 40 er målet.

Prosjektet skal satsa på kurs, konferansar og belønningsturar (incentiv) og på arbeidsprogrammet står produktutvikling, marknadsføring/sal og pakkar.

Men i heimbygda Uskedalen er det førebels ingen som Kari kan gjera ein innsats for. Det er eit aldri så lite paradoks, men samstundes ligg det ein utfordring i det.

- Eg må arbeida konkret for dei som betalar og det er synd at eg ikkje kan gå ut på marknaden med Uskedalen. Men ein skal aldri seia aldri. Bygda har eit aktivitetshus og snart opnar Vertshuset att. Oppe i dalen er det ein spanande natur, ei gamal skulestove og ein gardsmatprodusent. Kanskje vil det vera mogeleg å få til ei eller anna form for pakke. Her ligg det ei utfordring for til dømes Uskedal Utvikling, seier Kari, som minner om at kurs og konferanser i aukande grad handlar om opplevingar.

Kari har ein svært allsidig bakgrunn frå reiselivsbransjen. Ho starta som frukostservitør i SAS-hotellet på Bryggen og neste stopp var resepsjonsjobb på Admiral. Så gjekk ho hotellhøgskulen i Stavanger før det bar attende til Admiral, men no med sal og marknadsføring som arbeidsoppgåver.

Det neste var at Kari gjorde austlending av seg. Når ho no sette kursetten attende mot Vestlandet hadde ho vore ved hovudkontoret for Choice i seks år og hatt ansvar for nøkkelskundane. Til saman har ho tent ti år under den etterkvarter legendariske og høgst inspirerande hotellkonge Petter Stordalen.

- Eg har hatt det kjempefint på Vestlandet, men stunda vestover att. Eg er ikkje versjuk, seier Kari. Ho har også hatt andre spanande 'strøjobbar' gjennom livet, til dømes teneste i medialandsbyen på Hafjelltoppen under OL i 1994.

- Og heretter kjem du oftare heimatt til Uskedalen?

- Ja, det er sjølv sagt viktig, ikkje minst å få komma heim til høgtidene.

- Men kva skal du gjera når dei to prosjektåra er omme?

- Det veit eg ikkje, men det dukkar nok opp noko. Det er mange spanande jobbar å få i min bransje, seier Kari og skin omkapp med julegrana.

Av Ola Matti Mathisen